

[BOKANMELDELSER]

gene, de sier oftere enn andre at de ikke er lykkelige «alt i alt».

Hylland Eriksen rir en av sine gode kjøpphester, nemlig at tross den økte friheten har det samtidig skjedd en innsnevring av spekteret for relevante former for vellykkethet. Jo mer frihet, desto færre måter å være vellykket på. De beste samfunn er de hvor det finnes et mangfold av skalaer å prestere på. «En større pluralisme ville gjøre livet litt bedre for flere.»

Vi savner diskusjon av gamle menneskers lykke. At den synes å være bortimot like høy som hos unge mennesker, er et forhold som Hylland Eriksen nevner, men ikke problematiserer, og som kaster tvil på at det viktigste er å ha noe vanskelig å gjøre, eller «å ha noe å strekke seg etter». Kanskje forfatterens oppskrift passer bedre for unge mennesker som Thomas Hansen og Thomas Hylland Eriksen og mindre for Siri Næss?

Anmelderne stiller seg også tvilende til en av premissene for temaet boken tar opp: at «vi» er så ulykkelige. Vi nikker gjenkjennende når Hylland Eriksen snakker om misnøye, mangel på mening og depresjon i rike land. Det er nå likevel slik at undersøkelser som sammenligner lykke, tilfredshet og glede i Norge og andre land, viser at Norge og de andre nordiske landene nesten alltid kommer ut som de beste. Vi er altså ikke spesielt ulykkelige, heller tvert imot. Nå vil kanskje Hylland Eriksen innvende at disse undersøkelsene ikke er å stole på, men da stoler han vel heller ikke på tilsvarende undersøkelser i fattige land? Anmelderne stoler mer på de førstnevnte enn på de sistnevnte.

Hylland Eriksen kritiseres for å skrive for fort. Hvis han hadde brukt mer tid på å skrive boken, ville det han skrev muligens vært «riktigere», men kanskje ikke bedre. Hva som er «riktig» er det ingen

som kan svare helt sikkert på, siden dette forskningsfeltet fremdeles er så uutforsket.

Forfatteren har øyensynlig hatt liten kontakt med lykkeforskere som skriver på norsk. Som han selv sier har det vært liten interesse for lykkeforskning blant sosialantropologer, og den engelskspråklige lykkeforskningen ble han fort trett av. Han håner økonomenes og psykogenes kvantitative forskning, men heldigvis bruker han den likevel i lange baner. Vi hadde likt denne boken enda bedre hvis han ikke hadde hatt slike fådommer mot samfunnsvitere i andre fag enn hans eget. At det blir stadig lettere å arbeide tverrfaglig, er vel ett av de store fremskrittene som vi samfunnforskere velsignes med.

Siri Næss
sin@nova.no

Thomas Hansen
han@nova.no

Katrine Fangen

Identitet og praksis. Etnisitet, klasse og kjønn blant somaliere i Norge
Oslo: Gydendal Akademisk 2008, 198 sider

Katrine Fangen har skrive ei viktig bok for alle som vil forstå meir av samspelet mellom såkalla «etniske nordmenn» og somaliarar i Noreg enn det media oftaft gir grunnlag for. Mediebileta er ofte ein-sidige og peiker på somaliarar som ei «vanskeleg» gruppe, der mennene tygg khat og kvinnene er heime og føder mange barn. I Fangen si bok møter vi somaliske menneske i breitt format – som kvinner og menn, i jobb eller under utdanning, og der restriksjonar i det nor-

[TIDSSKRIFT FOR SAMFUNNSFORSKNING]

ske arbeidslivet speler ei like sentral rolle som forhold som peiker mot gruppa somaliarar. Vi møter menneske med stoltheit og draumar, men også menneske som har kjent seg krenka og nedvurderte i møtet med ekskludering og diskriminering. Nokre har møtt det med motstand og kamp – for andre har det ført til depresjon, tilbaketrekking og religiøs konservativisme. Nokre prøver å kome ut av ei offerrolle og «bygge opp tilværelsen». Det å lære seg «det norske systemet» og auke sin levestandard, ser ut til å vere nyttig for alle.

Fangen viser korleis menneska ho møter handterer møtet med Noreg på ulikt vis – frå å «prøve å bli så norsk som mogleg», «ta med seg det beste frå to kulturar» til å halde fast på ein identitet som «alltid somalisk». Kva for alternativ ein vel til ei kvar tid skifter med butid, utdanning og klasse, men varierer og med alder og ikkje minst med det einskilde individet sine måtar å forhalde seg til det nye samfunnet på. Fangen forenklar ikkje, men viser korleis dei ulike tilpassingane blir forhandla fram og konstruert i eit samspel med omgjevnadene, og korleis kvart individ kan hente fram ulike «identitetar» i ulike kontekstar. Ho viser korleis kvardagspraksisen, og ikkje berre dei store vendepunkta i livet, er sentral som medskapar av identitet. Ho poengterer kor viktig strukturelle forhold er for den einskilde si sivile og politiske deltaking. Vi får eit innblikk i kor ulik meinung til dømes det å høyre til ein klan kan ha for ulike menneske, og korleis kvinner si stilling ikkje har vore statisk i Somalia, men har endra seg i takt med ulike politiske situasjonar i landet.

Eit gjennomgåande trekk i denne boka er at personane Fangen skildrar, står fram som heilskaplege individ som tar aktivt del i å forme liva sine. Dei er heller

ikkje framstilt som om dei vart fødde på grensa, men har hatt eit liv før dei kom til Noreg, med stor innverknad på livet dei lever her. Mange av dei har nasjonale og transnasjonale nettverk som er aktive og viktige i både kvardag og kriser i eksiltilveret. Dei har rettar og plikter både i eksilmiljøa i ulike land og i Somalia, noko norsk lovverk og sosialsystem i mange høve kolliderer med. Dei åtte personane Fangen presenterer avslutningsvis, gir kjøt og blod til ei slik heilskapleg forståing: Fleire av dei er politiske aktørar og arbeider for eit fritt og sjølvstendig Somalia. Mange drøymer om å vende tilbake. Forfattaren viser at det å vere somaliar i Noreg i første rekke er: forskjellig! Ho går dermed i rette med einsidige presentasjonar som tenderer til å framstille dei som ei gruppe som deler alle kjenneteikn. Dei er individ som er ulike når det gjeld kjønn, alder, utdanning, religion, haldningar til livet her og no og i forhold til kva slags framtid dei drøymer om.

Fangen viser og korleis det å vere norsk ofte blir gjort til det normale, vanlege, og termen etnisk kjem dermed til å stå for avviket, det som er annleis. Det er spennande, og avvik frå skildringar der forfattaren tar ei distansert og presumpтивt «nøytral» rolle, når forfattaren i denne boka viser til eigne barndomserfaringar knytt til deltaking/utstøytning når ho prøver å skildre somaliarane sine erfaringar i Noreg. Fangen viser til Powdermaker, som peiker på ein tendens til at mange antropologar på ein eller annan måte har ein relasjon til det å vere ein minoritet. Her kunne ein og trekke ein parallel til Marianne Gullestads sine refleksjonar om eigne erfaringar med å ha føretatt ei klassereise og ikkje kjenne seg heime verken i klassen ein reiste frå eller det miljøet ein kjem til. Ho peika på

[BOKANMELDELSE]

at slike erfaringar kan gje grunnlag for å identifisere seg med andre som opplever at dei ikkje «høyrer til», fordi ein har kjent det på kroppen sjølv. Fangen peiker og på at det kan vere interessant å samanlikne måten somalisk-norske identifiserer seg og korleis etnisk norske identifiserer seg. Professor Steve Fenton og kollegaer ved Bristol University har gjort ei undersøking av korleis engelske med majoritetsbakgrunn ser på det å vere engelsk, som kan gje inspirasjon til ei slik oppfølging.

Eit par kritiske spørsmål til denne boka vil eg trekke fram. Innleiingsvis presenterer Fangen ein ambisjon om å «gi ordet til» eit utval norsk-somaliarar og «la dem selv berette» om liva sine (s. 11). Ho ønskjer å verke med til ei meir nyansert tilnærming til skildringar av denne målgruppa i Noreg. Ambisjonen om å bidra til andre bilete av norsk-somaliarar kan eg både skjøne og dele. Likeins eit ønske om å gje nære, tette skildringar som kan auke vår forståing og verke med til at «den andre» står fram som eit heilt menneske, slik vi gjerne ser oss sjølve. Vi vil gjerne at det vi skriv om skal vere «sant» og opplevast som ekte, ikkje minst av dei vi har intervjuar. I samfunnsvitskapane er det mange døme på drøftingar av temaet om det er mogleg å «tale på vegne av», som eg oppfattar som å vere i slekt med Fangen sitt ønske om å «gi ordet til», «la dem selv snakke». Sjølv er eg kritisk til realismen i eit slikt prosjekt. Eg trur rett og slett ikkje at det verken er mogleg eller at vi som forskarar har rett til åtru at vi kan «gi ordet til» dei vi intervjuar. Vi vel kva vi vil spørje om, vi arrangerer situasjonar, vi tolkar det vi høyrer og vi skriv om eit utval av det vi får høyre. På same måte som norsk-somaliarar er aktørar i sine liv, påverkar vi dei data vi

samarlar inn som forskarar fordi vi har nokre mål med det vi gjer. Marianne Gullestad, som Fangen og refererer til, har i fleire av sine arbeid stilt krav om *tilbakeføring* til dei ein forskar på/saman med. Dette presenterer ho både som ein kvalitetskontroll og som ei kjelde til ny kunnskap. Eg saknar at Fangen i denne innleiinga hadde brukt meir tid til å drøfte denne problematikken.

I slekt med denne merknaden er det kanskje når Fangen viser til Barth (s. 103), som oppmuntrar forskarar til å studere dei praksisar og prosessar der etnisitet blir skapt, i spennet mellom identitetstilskriving (frå andre) og aktørane sine eigne identifiseringar. Og Fangen held fram: «Utgangspunktet for analysen er hvordan aktørene selv definerer situasjonen (og kulturen), mer enn hvordan situasjonen faktisk er.» Det er uklart for denne bokmeldaren om det framleis er Barth Fangen siterer, eller om det er hennar eigne tankar om forskingsprosessen. Spørsmålet er om det er mogleg å peike på at ein situasjon «faktisk er» sånn eller sånn, eller om situasjoner er avhengig av kven som ser, kva dei ser og kva dei tenker om det dei ser? Her saknar eg ei drøfting av kva det er forfattaren meiner. Litt lengre ned på same side seier forfattaren at ho vil vise «hvordan slike kulturelle mønstre og markører brukas av norsk-somaliere i deres identifisering med og distansering fra hverandre.» Det er mogleg det er pirk, men det lengste vi kan kome som forskarar og skribentar er vel at vi kan presentere våre *tolkingar* av det vi med hjelpe frå informantane ser som kulturelle mønstre og markørar? Eg innser at vi risikerer at det blir veldig lange bøker om vi må ta alle slike etterhald heile tida. Mitt innspel er kanskje heller eit bidrag til ein debatt om relasjonen mellom forskar og utforska.

[TIDSSKRIFT FOR SAMFUNNSFORSKNING]

Som forskarar er vi stadig er på leit etter det «sanne», det etisk forsvarlege og det som bringer oss vidare. Då må vi kanskje stille slike spørsmål. Denne boka er utan tvil eit bidrag til ei slik utvikling.

Eit anna interessant tema om metode handlar om i kva grad ein skal redigere informantane sitt språk. Fangen har vald å justere grammatikalske feil, men ikkje bytte orda informanten nyttar. Eg har gjort det same sjølv, med grunngjeving å hindre at lesaren tillegg viktige utsegn mindre verdi fordi dei ikkje er uttrykt på ein korrekt måte. Eg har likevel opplevd å møte motstand frå nokre, både informantar og forskarar; nokre av dei har sjølv ein «fleirkulturell» bakgrunn. Fleire har gitt uttrykk for at det ligg viktig informasjon om språkleg meistring i uttrykksmåten. Dei har og peikt på at det personlege språket med sine feil, men og sine nyskapningar, er med på å utvikle og gjøre det norske språket rikare. Eg har sett fleire døme på det. Eit nyord kan skape bru mellom ulike språk og kan bere bod om måtar å tenke på og kulturrelle variasjonar som kan vere viktige for nettopp å uttrykke identitet. Difor er det ei viktig avgrensing Fangen gjer når ho vel å ikkje endre anna enn grammatikk. Det er ei finstilt vurdering som ligg til grunn for dei korrigeringane som er gjort, og i denne boka synst eg det fungerer. Debatten om kor mykje er likevel ein viktig debatt, som kanskje kunne fått litt meir rom og grunngje dei vala som er gjort.

Målgruppa for denne boka er i følgje forfattaren «offentligheten generelt», men og studier der fleirkulturell kompetanse inngår som ein del. I boka nyttar Fangen eit breitt og relevant utval av både nyare og eldre litteratur om Somalia, om identitet og om det å leve i eksil. Diverre er boka skjemma av svært man-

gelfulle referansar: mange stader manglar referansane heilt, noko som gjer det særleg vanskeleg for dei som måtte vere interesserte nok i det forfattaren skriv om til å ville studere det nærmare. Sidan nettopp det å vekke ei slik interesse er eitt av måla for forfattaren er dette veldig synd, og noko forlaget burde fanga opp og sørge for å rette opp.

Kunnskapen som er analysert fram i denne boka gjeld relasjonen mellom «etniske nordmenn» og somalisk-norske. Forteljingar og analyser gir og den norske majoriteten andre biletar av seg sjølv, eit speil som det kan vere nyttig å sjå seg sjølv i frå tid til annan. Boka rister så å seie laus på nokre sjølvoppfatningar om nordmenn som opne, fordomsfri og med sans for rettferd og likeverd. *Identitet og praksis* er ei godt dokumentert, velskriven og vesentleg bok om viktige sider av Noreg i dag. Ho gir tilgang til kunnskap som elles er vanskeleg tilgjengeleg for mange av oss, og som difor leverer eit meir sakleg grunnlag for ein samfunnsdebatt om samliv og kulturelt mangfold. Vi treng denne boka.

Kirsten Lauritsen
Kirsten.Lauritsen@hint.no

Sigurd Skirbekk

Nasjonalstaten – velferdsstatens grunnlag
Oslo: Kolofon 2008, 220 sider

Sigurd Skirbekk har i mange år gått mot strømmen i samfunnsvitenskapen, og som i en variant av *The Red Queen Paradox* i *Alice in Wonderland*, synes han å bevege seg raskere jo mer stille han står. Det strukturfunksjonalistiske blikket på samfunnet han representerer, og det insisterende forsvaret for nasjonalis-